

Saksprotokoll i 21.04.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt

Utvalet for kultur, idrett og integrering meiner at komiteane framover i større grad bør vera basert på fagfellevurdering, framfor vurderingar frå meir institusjonelle aktørar. Utvalet ber difor om at kva organisasjonar som vert invitert til å peika ut medlemmer til komiteane vert vurdert på den bakgrunnen når det seinare skal setjast ned nye komitear.»

June Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

a) «Tillegg

ENDRING TIL VEDLEGGET

UNDER Kven kan søkje?

Om ein tidlegare har fått stipend frå Sogn og Fjordane eller Hordaland fylkeskommune skal det gå minst 3 år før ein vil bli vurdert for eventuelt nytt stipend.

Ny ekstra setning:

Søkere som har fått tildelt stipend fra Vestland Fylkeskommune kan ikke søke på nytt og bli vurdert før det har gått minst 3 år for eventuelt nytt stipend.»

b) «Endring

UNDER punktet Kva kan ein få støtte til? i folkemusikkstipend

Fjerne setningen

Det lysast ut»

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Strømmen sitt forslag fekk 8 røyster (A, Sp, MDG, V, SV) og vart vedteke mot 7 røyster (FNB, Frp, Pp, R, H).

Indrevik sitt forslag a) fekk 13 røyster (A, Sp, MDG, V, SV, H, Pp, Frp, R) og vart vedteke mot 2 røyster (FNB).

Indrevik sitt forslag b) fekk 5 røyster (H, MDG, Pp, Frp) og fall.

Vedtak

1. Budsjettposten Stipend skal fordelast mellom Kunstnarstipend og Folkemusikkstipend slik:

Det skal lysast ut 17 kunstnarstipend á kroner 40 000.

Det skal lysast ut særskilde stipend til folkemusikkfeltet med

1 stipend á 60 000 kroner og 2 stipend (Folkemusikk Ung) á 25 000 kroner.

Det vert såleis att 30 000 kroner til utgifter i høve arbeidet i fagkomitear.

2. Det skal opprettast rådgevande fagkomitear i følgjande kategoriar:

Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design)

Musikk

Scenekunst (inkl. dans)

Litteratur og film

Følgjande organisasjonar/institusjonar vil bli førespurde om å nemne opp representantar til komiteane:

Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, KODE, Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Bergen filharmoniske orkester, Vestland fylkeskommune - Seksjon for kulturformidling.

Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT Teatergarasjen, Bergen dansesenter, Teaterfestivalen i Fjaler.

Litteratur og film: Norsk forfattersentrum Vestlandet, Skrivekunstakademiet, Nynorsk kultursentrum/Olav H. Haugesenteret og Vestnorsk filmsenter (2 medlemmer).

Anna/tverrkunstnarleg skal også vere ein kategori, og kandidatar som vel dette skal vurderast av minst to av dei mest aktuelle komiteane.

Folkemusikkstipend: Hardingfela.no, Hordaland folkemusikklag, Sogn og Fjordane folkemusikklag, Hordaland Ungdomslag, Sogn og Fjordane Ungdomslag, Osafestivalen, Førde internasjonale folkemusikkfestival.

Organisasjonane står fritt til å velje kven dei vil peike ut som sine representantar til komiteane. Det enkelte medlem kan sitje i komiteane for 2 år om gongen.

3. Det skal tildelast minst eitt stipend til kvar kunstform om søkjarmenga er tilstrekkeleg. Vidare skal fordelinga av stipend mellom kunstartane gjerast på grunnlag av søkjartal for dei ulike kunstartane, geografi og tidlegare tildelte stipend.
4. Utval for kultur, idrett og integrering sluttar seg elles til innretting og kriteria i Kunstnarstipend slik det ligg føre i vedlegg til denne saka med slikt tillegg:
Søklarar som har fått tildelt stipend frå Vestland Fylkeskommune kan ikkje søkje på nytt og bli vurdert før det har gått minst 3 år for eventuelt nytt stipend.
5. Utval for kultur, idrett og integrering sluttar seg elles til innretting og kriteria i Folkemusikkstipend slik det ligg føre i vedlegg til denne saka.
6. Utvalet for kultur, idrett og integrering meiner at komiteane framover i større grad bør vera basert på fagfellevurdering, framfor vurderingar frå meir institusjonelle aktørar. Utvalet ber difor om at kva organisasjonar som vert invitert til å peika ut medlemmer til komiteane vert vurdert på den bakgrunnen når det seinare skal setjast ned nye komitear.